

Godt frammøte til båtlagsdugnad.

31.08.2018



Det vart gjort ein solid dugnadsinnsats på anlegget til Uskedal båtlag i dag.

I dag, fredag, var det invitert til dugnad i båthamna. Det starta kl.10 på føremiddagen, og den vil pågå til kl.20 i kveld. Frammøtet var godt, og då underteikna var til stades dei første timane, var rundt 15 medlemmer i sving med arbeid rundt på anlegget. Dugnaden var godt organisert, og arbeidet vart dermed effektivt.



Audun Eik og Finn Snuggerud reinska skjell frå uteliggjarane frå båt.

Jostein Hauso frå styret i Uskedal båtlag, som leia dugnaden, fortalde at dei først og fremst ville konsentrera seg om reinsking av skjell og tauververk. Det var eit godt og nødvendig valg, for det var svært tilgrodd med skjell på både tauverk og flyteelement på både utliggarar og flytebrygge. Arbeidsgjengen var svært effektiv, og då eg trekte meg tilbake i 13.30-tida var det fjerna alvorleg store mengder med skjell både frå flyteelementa og frå tau.

Det er også ein del tauverk som ikkje er til noko bruk på einskilde båtplasser. Dette må fjernast, og leiar i Uskedal båtlag, Hans Gustav Mussland, bed båtplasseigarane om å ordna opp i unødvendig tau på sine plasser. Om ikkje, vil båtlaget måtta fjerne dette tauverket.



Endre Nilsen i arbeid med å reinska tauverk.

Dugnaden vil altså halda fram utover dagen så det vil truleg kome fleire til etter arbeidstid. Jostein Hauso fortel også at han har gjort avtale med nokre ungdommar som vil koma og gjere jobb på anlegget etter skuletid. Han fortel også at det er gjort avtale med dykkarar. Desse skal sjekka at alle fortøyningar på flytebryggene er i orden slik at ein er rusta til haust- og vinterstormane på best mogeleg vis.



Jostein Hauso, Leif Jarle Bergstø og Sigmund Myklebust i arbeid i ytre hamneområdet.
Tekst, foto og nett: Thor Inge Døsland